

Statsbygg
Postboks 8106 Dep
0032 Oslo

Tlf: +47 815 55 045
Faks: +47 22 95 40 01
www.statsbygg.no

Statsbygg er sentral rådgivar for staten
i byggje- og eigedomssaker, byggherre,
eigdomsforvaltar og eigdomsutviklar



Ole Johan Dahls hus, Universitetet i Oslo.
Arkitekt: Lund Hagem Arkitekter.
Fotograf: Trond Isaksen

Halden fengsel, Halden.
Arkitekt: HLM Arkitektur & Plan AS
Erik Møller Arkitekter.
Fotograf: Trond Isaksen



Nasjonalmuseet-
Arkitektur, Oslo.
Arkitekt: Christian H. Grosch/
Heinrich Bucher.
Fotograf: HollanStudio

Statsbygg er ei statleg forvaltningsbedrift som høyrer inn under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Statsbygg skal tilby gode og funksjonelle lokale til statlege verksemdar og realisere vedtekne samfunnspolitiske mål når det gjeld arkitektur, statlege planinteresser, kulturminnevern og miljø.

Det betyr at vi gir råd ved kjøp og leige av lokale, og ved nybygg er vi byggherre på vegner av staten.

Som byggherre planlegg, kvalitets-sikrar, budsjetterer og følgjer vi opp byggjeprojekta, men det er sjølvstendige arkitektar, ingeniørfirma og byggjefirma som gjennomfører sjølv prosjekteringa og bygginga. Godt over 90 prosent av kostnadene som er knytte til nybygg, er innkjøpte tenester, innkjøpte etter konkurranse. Statsbygg organiserer, planlegg og gjennomfører heile tida om lag 160 prosjekt – større og mindre, der 20–30 større prosjekt blir ferdigstilte kvart år.

Dei fleste av bygga vi er byggherre for, blir verande i porteføljen vår. Men somme bygg, som dei fleste universitetsbygga, blir åtte og forvalta av brukaren sjølv eller departementet til brukaren.

Statsbygg eig, på vegner av staten, 2300 bygningar fordelt på 610 eigedoms-kompleks i inn- og utland. I utlandet er det i hovudsak ambassadar og residensar. Innanlands er det alt frå Regjeringskvartalet, Høgsterett, lag- og tingrettar, høgskolar, tollbodar, museum, opera, fengsel og audestover, mellom anna. Desse blir leigde ut til statlege brukarar. Statsbygg sørgjer for god forvaltning og vedlikehald av eigedommane.

- Det totale arealet: 2,7 millionar m²
- Verdi: 28,7 milliardar kr
- Inntekter: 3,7 milliardar kr
 - Inntektene er i hovudsak leigeinntekter frå brukarane og leigetakarane av eigedommane

Statsbygg skal òg sikre statlege interesser i større eigedomsutviklingsprosjekt, eksempelvis var vi ein viktig aktør i utviklinga av Fornebu-området.

Statsbygg har 830 tilsette, der omtrent halvparten er driftspersonale knytt til eigedommane. Hovudkontoret ligg i Oslo og regionkontora i Oslo, Porsgrunn, Bergen, Trondheim og Tromsø.

Les meir om Statsbygg, eigedommane og prosjekt på: www.statsbygg.no og Facebook.



Falstadsenteret, Ekne.
Arkitekt: Claus J. Hjelte.
Fotograf: HollanStudio



Halden fengsel, Halden.
Arkitekt: HLM Arkitektur & Plan AS
Erik Møller Arkitekter.
Fotograf: Trond Isaksen

Besøksenteret, Nidaros domkirke, Trondheim.
Arkitekt: Eggen Arkitekter AS.
Fotograf: HollanStudio

